

INNHALD

1.	<u>VEDTEKTER FOR NORGES BYGDEKVINNELAG</u>	2
2.	<u>NORMALVEDTEKTER FOR FYLKESLAGA</u>	8
3.	<u>NORMALVEDTEKTER FOR LOKALLAGA</u>	12
4.	<u>REGLAR OG INSTRUKS FOR VALNEMNDA I NORGES BYGDEKVINNELAG</u>	16
5.	<u>RETNINGSLINJER FOR STØTTEMEDLEMSKAP</u>	18
6.	<u>RETNINGSLINJER FOR TILDELING AV ÆRESMEDLEMSSKAP</u>	19
7.	<u>VEDTEKTER FOR BYGDEKVINNENES HJELPEFOND</u>	21

1. VEDTEKTER FOR NORGES BYGDEKVINNELAG

§ 1 Føremålet med laget

Føremålet med laget er å samle alle kvinner som føler tilknytning til primærnæringane og bygdemiljøet. Norges Bygdekvinnelag er ein partipolitisk nøytral organisasjon som skal arbeide til beste for bygdefolket sine økonomiske, sosiale og kulturelle interesser, og byggje på nasjonal og kristen grunn.

§ 2 Hovudoppgåva og arbeidsformene til laget

For å nå målet slik § 1 uttrykkjer det vil Norges Bygdekvinnelag (NBK):

- arbeide for kvinnene sine sosiale og økonomiske rettar.
- styrkje kvinnene sine moglegheiter til å ha innverknad på samfunnet.
- sikre natur og livsgrunnlag for generasjonane som kjem etter oss.
- gje barn gode oppvekstvilkår.
- styrkje familien.
- utvikle og verne kultur og miljø.
- auka samhaldet mellom kvinner nasjonalt og internasjonalt.
- arbeide for å styrkje primærnæringane.
- samarbeide nært med Norges Bondelag og Norges Bygdeungdomslag.

§ 3 Medlemskap

- A) Alle som vil arbeide etter Norges Bygdekvinnelag sitt føremål og målsetjing kan bli medlem av Norges Bygdekvinnelag. Medlemskapen er personleg. Medlemmene er tilslutta eit lokalt lag. Der lokallag ikkje finst, vert medlemmene organiserte direkte i fylkeslaget.
- B) Alle medlemskap er bindande inntil det ligg føre skriftleg eller munnleg utmelding til styret i lokal- eller fylkeslaget.
- C) *Æresmedlemskap*
Æresmedlemmer av Norges Bygdekvinnelag vert utnemnde av eit samrøystes årsmøte i Norges Bygdekvinnelag.
- D) *Støttemedlemskap*
Personar/institusjonar/organisasjonar som vil stø Norges Bygdekvinnelag sitt arbeid, kan teikne støttemedlemskap. Dei har ikkje røyste- eller representasjonsrett.

§ 4 Organisasjonen

- A) Norges Bygdekvinnelag sine medlemmer er organiserte i lokallag. Årsmøtet er høgaste styresmakt i organisasjonen.
- B) Lokallaga i eit fylke skal slutta seg saman i fylkeslag. Årsmøtet er den høgaste vedtaksføre styresmakta i fylkeslaget.
- C) Norges Bygdekvinnelag vert leia av eit styre med årsmøtet som høgaste vedtaksføre styresmakt.

- D) Norges Bondelag, Norges Bygdeungdomslag og Norges Bygdekvinne­lag er gjensidig representerte i lokallag, fylkeslag og hovudorganisasjon.
- E) Bygdefolkets Studieforbund er studieforbundet til Norges Bygdekvinne­lag.
- F) Norges Bygdekvinne­lag sitt styre skal godkjenne vedtektene til lokal- og fylkeslaga.
- G) Lokal- og fylkeslag kan ikkje slutta seg til organisasjonar med føremål som strir mot Norges Bondekvinne­lag sitt føremål.
- H) Norges Bygdekvinne­lag har hovudsete og verneting i Oslo.
- I) Norges Bygdekvinne­lag sitt merke er eit kornband, namnet og initialane omslut­ta av ein oval.

§ 5 Plikter og rettar i høve til organisasjonen

- A) Medlemmene, lokal- og fylkeslag pliktar å rette seg etter organisasjonen sine vedtak og gjeldande vedtekter. Lokal- fylkes- og sentralledet har plikt til å handsame saker frå medlemmene. Dersom lokal- eller fylkeslag ynskjer å sende oppmodingar til sentrale styresmakter, skal saka sendast Norges Bygdekvinne­lag for vidare handsaming.
- B) Alle medlemmer er valbare, og har plikt til å ta imot val til tillitsverv i organisasjonen. Ein medlem kan nekte attval til eit verv i like lang tid som det vedkomande har fungert i vervet.

§ 6 Årsmøtet

- A) Årsmøtet er den høgaste vedtaksføre styresmakta i Norges Bygdekvinne­lag.
- B) Vanleg årsmøte vert halde annakvart år innan utgangen av juni og møtestad skal så langt råd er skifte mellom dei ulike landsdelane. Det året det ikkje er årsmøte skal det haldast landsdekkjande kurs/seminar for ”fagleg påfyll” og sosialt fellesskap.
- C) Styret, ved leiaren i Norges Bygdekvinne­lag, kallar inn til årsmøtet.
- D) Det skal haldast omfram­tt årsmøte når minst halvparten av styret, eller minst halvparten av årsmøtere­presentantane, krev det.
- E) Årsmøtet skal kunngjerast minst 10 veker på førehand med skriftleg varsel. Innkalling og sakliste/dokument for årsmøtet skal sendast 2 veker før møtet. Det kan kallast inn til omfram­tt årsmøte med 14 dagars varsel.
- F) Norges Bygdekvinne­lag sitt styre, fylkeslag, lokallaga etter tilslutning i fylkeslag, Norges Bondelag og Norges Bygdeungdomslag har rett til å leggje fram saker for årsmøtet. Saker som skal handsamast av årsmøtet, må ha kome inn til styret minst 8 veker før det vanlege årsmøtet. Forslag til vedtektsendringar må kome inn til styret minst 16 veker før vanleg årsmøte skal haldast.
- G) Styret har rett til å leggje fram saker for årsmøtet som ikkje er førte opp på saklista. Det kan ikkje gjerast vedtak i slike saker utan fullmakt frå årsmøtet. Det kan ikkje leg­gast fram saker som gjeld vedtektsendringar og oppløysing av Norges Bygdekvinne­lag.
- H) Årsmøtet er sett i hop av:
 - medlemmer av styret.
 - representantar frå fylkeslaga der leiaren i fylkeslaget er sjølvskreven. I tillegg vert det valt ein representant for kvart påbegynte 500. medlem. Dei valde representantane skal vera medlemmer av styret i fylkeslaget.
 - 2 representantar valde av Norges Bondelag.
 - 2 representantar valde av Norges Bygdeungdomslag.

- I) Alle medlemmer og støttemedlemmer av Norges Bygdekvinne­lag har rett til å følge forhandlingane i årsmøtet, men dei har ikkje tale- eller framleggsrett. Årsmøtet kan i særskilde høve gje talerett. Leiaren av Bygdekvinne­nes Hjelpfond har møte- og talerett i årsmøte. Under handsaminga av dei sakene valnemnda innstiller til i Norges Bygdekvinne­lag sitt årsmøte, har alle medlemmene i valnemnda møte- og talerett. 1. vararepresentant til styret har talerett i Noregs Bygdekvinne­lag sitt årsmøte. Generalsekretær har rett til å følge forhandlingane i årsmøtet og har talerett.
- J) Årsmøtet kan vedta at enkelte saker vert handsama i lukka møte. Då fastset årsmøtet korleis meldingane frå møtet skal kunngjerast.
- K) Alle årsmøteutsendingar har røysterett. Styret har ikkje røysterett når det gjeld årsmelding, budsjett og rekneskap. Møteleiaren har ikkje røysterett. Dersom ikkje anna er bestemt i desse vedtektene, tek årsmøtet avgjerdene sine ved simpelt fleirtal. Når røystetalet er likt, har leiaren i Norges Bygdekvinne­lag dobbeltrøyst. Dobbelt­røyst gjeld ikkje ved val og skriftleg røysting. Sjå § 7 M).
- L) Norges Bygdekvinne­lag sentralt betalar reise-, kost- og opphaldsutgifter for årsmøtere­presentantane. Norges Bondelag og Norges Bygde­ungdomslag betalar sjølv for representantane sine.

§ 7 Årsmøtet sine oppgåver

Årsmøtet skal:

- A) velja 2 som skal underteikne protokollen saman med leiaren.
- B) handsame styret sitt framlegg til årsmelding for Norges Bygdekvinne­lag.
- C) handsame rekneskap med melding frå revisor.
- D) handsame framlegg til arbeidsplan.
- E) handsame styret sitt framlegg til medlems­pengar og budsjett.
- F) handsame melding og rekneskap for Bygdekvinne­nes Hjelpfond. Handsame melding og rekneskap for styre/utval valde av årsmøtet.
- G) etter gjeldande retningsliner, samrøystes forslag frå styret i Norges Bygdekvinne­lag og samrøystes vedtak i årsmøtet, utnemne æres­medlemmer av Norges Bygdekvinne­lag og overrekke Norges Bygdekvinne­lag sitt æresteikn i gull med diplom.
- H)
 1. velja leiar i Norges Bygdekvinne­lag. Funksjonstid 2 år.
 2. velja nestleiar i Norges Bygdekvinne­lag. Funksjonstid 2 år.
 3. velja 5 styremedlemmer i Norges Bygdekvinne­lag annakvart år med funksjonstid 2 år. Styremedlemmene skal så langt råd er representere dei ulike landsdelane.
 4. velja 3 vararepresentantar til styret i Norges Bygdekvinne­lag i nummerert rekkjefølgje. Funksjonstid 2 år.
 5. a) velja 6 personar med personlege vararepresentantar til valnemnda for neste år. Desse vert rekruttert 1 frå kvar valsone. Funksjonstid 4 år. Første året går 3 representantar ut ved loddtrekking, slik at 3 medlemmer er på val annakvart år. Ingen kan sitje meir enn 4 år i valnemnda.
 - b) velja leiar med nestleiar blant dei 6 valte medlemmene av valnemnda. Funksjonstid 2 år.
 7. velja 1 møteleiar med vara for komande årsmøte. Begge skal vere til stades på heile årsmøtet. Funksjonstid 2 år.

8. velja offentlig godkjent revisor og fastsetje økonomisk godtgjersle til revisor.
- I) dersom ikkje anna er vedteke gjeld alle val på årsmøtet frå når årsmøtet er slutt.
 - J) etter framlegg frå valnemnda skal årsmøtet fastsetje godtgjersle til leiaren og andre styremedlemmer i Norges Bygdekvinnelag medrekna 1. vararepresentant.
 - K) etter framlegg frå valnemnda fastsetje godtgjersle for reise-, kost- og opphaldsutgifter, eventuelt andre godtgjersler til styre- og utvalsmedlemmer i Norges Bygdekvinnelag.
 - L) etter framlegg frå valnemnda fastsetje godtgjersle for reise-, kost- og opphaldsutgifter til årsmøteutsendingane.
 - M) handsame andre saker som vert lagde fram.
 - N) alle val vert gjennomførde med skriftleg røysting når det gjeld leiar, nestleiar, styremedlemmer og vararepresentantar til styret. Med årsmøtet si godkjenning kan andre val gjennomførast ved andre røystemåtar. Kravet til godkjent val ved skriftleg røysting er meir enn halvparten av dei registrerte røystene - absolutt fleirtal. Blanke røyster tel. Dersom ingen av kandidatane får absolutt fleirtal, må det røystast ein gong til. Dersom ingen av kandidatane får absolutt fleirtal i andre valomgangen heller, vert det bunde omval mellom dei 2 kandidatane som har fått flest røyster. Vert det likt røystetal i den valomgangen, vert valet avgjort ved loddtrekking.
 - O) føre protokoll.

§ 8 Styret

- A) Norges Bygdekvinnelag vert leia av eit styre.
- B) Styret er ansvarleg for verksemda si og for forvaltninga av Norges Bygdekvinnelag sine midlar andsynes årsmøtet.
- C) Styret har 9 medlemmer. 7 vert valde av årsmøtet. 1 medlem vert vald av Norges Bondelag, og 1 vert vald av Norges Bygdeungdomslag.
- D) Mindre saker vert avgjorde av eit arbeidsutval (AU) med 3 medlemmer. Leiaren og nestleiar er sjølvskrivne medlemmer av utvalet. 1 medlem vert vald av og innan styret. Vedtak gjorde av arbeidsutvalet vert lagde fram for styret.
- E) Styret har møte når leiaren bestemmer det, eller når minst halvparten av styremedlemmene krev det. Styret er vedtaksført når minst 5 av medlemmene møter. Ved likt røystetal avgjer leiaren si røyst. Generalsekretæren tek del i styremøta, men har ikkje røysterett.
- F) For å nå organisasjonen si målsetjing oppnemner styret 5 faste utval. Styremedlemmene er medlem og leiar av utvala. Styret fastset mandat og retningsliner for utvala.
- G) Styret skal:
 - 1. leie laget sitt arbeid i samsvar med vedtektene til Norges Bygdekvinnelag og vedtak som vert gjort i høve til desse.
 - 2. ta opp saker som er av interesse for medlemmene og laget.
 - 3. gjennom sekretariatet ha kontakt med lokal- og fylkeslag, og handsama alle saker som vert sende derifrå.
 - 4. ha ansvar for rekruttering og medlemsverving.
 - 5. førebu saker som skal leggjast fram for årsmøtet.
 - 6. tilsetje og avsetje personalet i Norges Bygdekvinnelag, samt fastsetje løn og arbeidsvilkår for dei tilsette.
 - 6. etter gjeldande retningsliner og samrøystes vedtak i styret foreslå utnemning av æresmedlemmer av Norges Bygdekvinnelag for årsmøtet i Norges Bygdekvinnelag.

7.
 - a) oppnemne 1 representant til Norges Bygdeungdomslag sitt styre med personleg vararepresentant.
 - b) oppnemne 1 representant til representantskapet i Norges Bygdeungdomslag for 2 år med personleg vararepresentant.
 - c) oppnemne 2 representantar til årsmøte i Norges Bygdeungdomslag. Funksjonstid 1 år. I tillegg 2 vararepresentantar i nummerorden.
 - d) oppnemne 1 representant til Norges Bondelag sitt styre med personleg vararepresentant.
 - e) oppnemne 1 representant til representantskapet i Norges Bondelag for 2 år med personleg vararepresentant.
 - f) oppnemne 4 representantar til årsmøte i Norges Bondelag med funksjonstid 1 år. I tillegg 3 vararepresentantar i nummerorden.
 - g) oppnemne 1 styremedlem med særleg ansvar for opplæring og studiearbeid.
 - h) oppnemne 3 representantar med 3 vararepresentantar i nummerert rekkjefølgje til årsmøtet i Bygdefolkets Studieforbund.
 - i) oppnemne representantar til organisasjonar Norges Bygdekvinnelag er tilslutta.
- H) Dersom eit lokal- eller fylkeslag gjer vedtak som er i strid med Norges Bygdekvinnelag sine vedtekter eller vedtak, kan styret oppheve vedtaket til lokal- eller fylkeslaget.
- I) Norges Bygdekvinnelag forpliktar seg ved underskrift av leiar og generalsekretær i lag. Styret kan i særskilde høve gje fullmakt og løyve til prokura.
- J) Styret og arbeidsutvalet sine drøftingar skal protokollførast. Det same gjeld for utval, nemnder og styre som er oppnemnde av styret.

§ 9 Utval

Utvala skal ha frå 3 til 5 medlemmer. Dei skal oppnemnast av styret for 2 år slik at to/tre er på val kvart år. Utvala er arbeidsreiskap for styret.

- Organisasjonsutval
- Mat- og miljøutval
- Kvinnepolitisk utval
- Kultur- og bygdepolitisk utval
- Internasjonalt utval

§ 10 Økonomiske ansvarstilhøve

Norges Bygdekvinnelag er ikkje ansvarleg for dei økonomiske og organisasjonsmessige vedtak og disposisjonar som lokallag og fylkeslag gjer dersom desse ikkje er lagde fram for og godkjende av Norges Bygdekvinnelag sitt styre.

§ 11 Medlemspengar

Lokallaga betaler årleg medlemspengar til Norges Bygdekvinnelag for kvar medlem. For direkte medlemmer utan lokallag, er fylkeslaget ansvarleg for innbetaling av medlemspengar til Norges Bygdekvinnelag. Medlemspengane skal fastsetjast av årsmøtet i Norges Bygdekvinnelag, og må vera sendt inn til Norges Bygdekvinnelag sitt sekretariat innan 15. februar. Norges Bygdekvinnelag

betalar medlemspengar for æresmedlemmer tildelt gullmerket. Medlemspengar for støttemedlemmer vert fastsett av Norges Bygdekvinne­lag sitt årsmøte.

§ 12 Ekstraordinære medlemspengar

Årsmøtet kan med 3/4 fleirtal av dei som møter, vedta at det kan krevjast inn ekstraordinære, friviljuge medlemspengar til Norges Bygdekvinne­lag til eit særskild føremål.

§ 13 Fond

- a) Etter godkjenning av årsmøte kan Norges Bygdekvinne­lag setja av midlar til fond som arbeidsfond, driftsfond og liknande. Desse fonda vert disponerte av styret i Norges Bygdekvinne­lag dersom ikkje anna er bestemt.
- b) Fond med eigne styre vert disponerte av fondstyret etter gjeldande statuttar. Melding og rekneskap skal leggjast fram for årsmøte i Norges Bygdekvinne­lag.

§ 14 Rekneskap

Norges Bygdekvinne­lag skal ha eige spesifisert rekneskap, revidert av offentleg godkjend revisor. Rekneskapen følgjer kalenderåret.

§ 15 Meldingar

Lokallag, fylkeslag og faste utval har plikt til å gje dei meldingar og opplysningar som styret i Norges Bygdekvinne­lag ber om. Tillitsvalde som representerer Norges Bygdekvinne­lag i andre organisasjonar, nemnder, utval og liknande må gje styret i Norges Bygdekvinne­lag melding om arbeidet sitt. Dei kan ikkje gjera Norges Bygdekvinne­lag ansvarleg utan etter særleg fullmakt.

§ 16 Endring av vedtektene

Endringar i Norges Bygdekvinne­lag sine vedtekter kan gjerast på vanleg årsmøte med 2/3 fleirtal. Framlegg til endring av vedtektene for sentralleddet og normalvedtektene for fylkesleddet skal vera sendt fylkeslaga til uttale seinast 3 månader før årsmøtet. Endring av normalvedtektene for lokallaga må òg sendast lokallaga til uttale innan same fristen.

§ 17 Oppløysing

Vedtak om oppløysing av Norges Bygdekvinne­lag må gjerast av 2 årsmøte etter kvarandre med 3/4 fleirtal av dei årsmøteutsendingane som er til stades. Minst 75% av samla tal på representantar må vera til stades.

Det må vera minst 6 månader mellom dei 2 årsmøta.

Forslag om oppløysing må på førehand, seinast 3 månader før årsmøtet, vera sendt lokal- og fylkeslaga til uttale.

Dersom Norges Bygdekvinne­lag vert oppløyst, bestemmer det siste årsmøtet med 3/4 fleirtal korleis eventuell formue skal brukast.

2. NORMALVEDTEKTER FOR FYLKESLAGA

§ 1 Føremål

Eit fylkeslag er ei samanslutning av lokale bygde- og bondekvinnelag som er tilslutta Norges Bygdekvinnelag. Fylkeslaget skal arbeide i samsvar med vedtektene til Norges Bygdekvinnelag. Fylkeslaget skal vera bindeleddet mellom lokallaga i fylket og hovudorganisasjonen.

Paragraf 1 - 5 i Norges Bygdekvinnelag sine vedtekter gjeld òg for fylkeslaga.

§ 6 Årsmøtet

- A) Årsmøtet er den høgaste vedtaksføre styresmakta i fylkeslaget.
- B) Vanleg årsmøte vert halde ein gong årleg innan 1. april, og skal så langt råd er haldast skiftesvis i dei ulike delane av fylket.
- C) Fylkesstyret, ved leiaren, kallar inn til årsmøtet.
- D) Omfram årsmøte skal haldast når minst halvparten av styremedlemmene, 1/4 av medlemmene eller når hovudorganisasjonen krev det.
- E) Årsmøtet skal kunngjerast med skriftleg varsel minst 8 veker på førehand. Innkalling, sakliste, årsmelding og revidert rekneskap skal sendast ut minst 2 veker før årsmøtet. Det kan kallast inn til omfram årsmøte med 2 vekers varsel, og dokumenta skal sendast ut minst 1 veke før møte vert halde.
- F) Fylkesstyret, lokallaga, fylkesbondelaget og fylkesbygdeungdomslaget har rett til å leggje fram saker for årsmøtet. Saker som årsmøtet skal handsame, må vera komne til styret minst 6 veker før det vanlege årsmøtet vert sett. Framlegg til vedtektsendingar må vera komne til styret minst 8 veker før det vanlege årsmøtet vert sett.
- G) Styret har rett til å leggje fram saker som ikkje er førte opp på sakslista for årsmøtet. Det kan ikkje fattast vedtak i desse sakene utan fullmakt frå årsmøtet. Det kan ikkje leggst fram forslag som gjeld vedtektsendingar og oppløysing av fylkeslaget.
- H) Årsmøtet fastset reglar for korleis valnemnda skal veljast og når innstilling frå nemnda skal liggje føre. Fylkesstyret innkallar valnemnda, og valnemnda konstituerer seg sjølv.
- I) Årsmøtet er sett saman av:
 - 1. styremedlemmene.
 - 2. leiaren og ein vald representant for kvart lag med inntil ... medlemmer, og ein vald representant for kvar ... medlem.
 - 3. 2 representantar frå fylkesbondelaget.
 - 4. 2 representantar frå fylkesbygdeungdomslaget.
 - 5. fylkeslaget sin eventuelle medlem i styret til Norges Bygdekvinnelag.
- J) Alle fylkeslagsmedlemmene har rett til å følgje drøftingane på årsmøtet, men berre årsmøteutsendingane har tale- og framleggsrett. Årsmøtet kan i særlege høve gje talerett. Årsmøtet kan vedta at enkelte saker vert handsama i lukka møte. Årsmøtet bestemmer då korleis meldingane skal kunngjerast. Eventuelle utvalsleiarar har møte- og talerett i

årsmøtet. Alle medlemmene i valnemnda har møte- og talerett i fylkeslaget sitt årsmøte under handsaming av sakene valnemnda innstiller til.

- K) Alle årsmøteutsendingar har røysterett. Styret har ikkje røysterett når det gjeld årsmelding, rekneskap og budsjett. Dersom ikkje anna er bestemt i desse vedtektene, tek årsmøtet avgjerdene sine ved simpelt fleirtal. Når røystetalet er likt, har leiaren dobbeltrøyst. Dobbelttrøyst gjeld ikkje ved val og skriftleg røysting. Vert det likt røystetal her, skal det haldast omval. Vert røystetalet likt ved omvalet òg, vert valet avgjort ved loddtrekking.

§ 7 Årsmøtet sine oppgåver

Årsmøtet skal:

- A) velja 2 som skal underteikne protokollen i lag med leiaren.
- B) velja møteleiar.
- C) handsame styret sitt framlegg til årsmelding.
- D) handsame revidert rekneskap.
- E) handsame styret sitt framlegg til arbeidsplan for fylket. Dei prioriterte oppgåvene til Norges Bygdekvinnelag går inn her.
- F) handsame styret sitt framlegg til medlemspengar til fylkeslaget, og budsjett.
- G) handsame eventuelle utvalsårsmeldingar.
- H) etter gjeldande retningsliner, samrøystes forslag frå styret i fylkeslaget og førehandsgodkjenning av styret i Norges Bygdekvinnelag og samrøystes vedtak i fylkesårsmøtet, utnemne æresmedlemmer av fylkeslaget og dele ut Norges Bygdekvinnelag sitt æresteikn i sølv med diplom.
- I) velja leiar og nestleiar. Velja 3 til 5 styremedlemmer. Ved val av leiar, nestleiar og styremedlemmer skal det vera bunde omval dersom ingen av kandidatane får meir enn halvparten av røystene. Leiar og nestleiar vert valde for 1 år, dei andre styremedlemmene vert valde for 2 år slik at skiftesvis 2 og 3 går ut kvart år. Kvart år vert 3 vararepresentantar valde i nummerert rekkjefølgje. Alle val som er nemnde under dette punktet skal vera skriftlege.
- J) velja representantar til Norges Bygdekvinnelag sitt årsmøte. Leiaren i fylkeslaget er sjølvskriven. Dessutan skal det veljast ein representant for påbegynte 500. medlem. Dei valde representantane skal vera medlemmer av fylkeslaget sitt styre. Velja personlege vararepresentantar for representantane, og dessutan like mange vararepresentantar i nummerert rekkjefølgje. Dei siste møter dersom dei personlege vararepresentantane ikkje kan møte.
- K) velja revisorar.
- L) velja valnemnd på ... personar.
- M) dersom ikkje anna er vedteke, gjeld alle val på årsmøtet frå årsmøtet sluttar.
- N) fastsetje godtgjersle/reisegodtgjersle til medlemmene i fylkesstyret etter framlegg frå valnemnda.
- O) eventuelt fastsetje reisegodtgjersle til årsmøteutsendingane etter framlegg frå valnemnda. Reisegodtgjersle til representantane for fylkesbondelag og -bygdeungdomslag vert dekt av dei respektive organisasjonane.
- P) handsame saker som vert lagde fram.
- Q) føre protokoll.

§ 8 Styret

- A) Fylkeslaget vert leia av eit styre.
- B) Styret er ansvarleg for verksemda si og forvaltninga av fylkeslaget sine midlar andsynes årsmøtet.
- C) Styret har 5 til 7 medlemmer valde av årsmøtet, 1 medlem vald av bondelaget og 1 medlem vald av bygdeungdomslaget i fylket.
- D) Eit arbeidsutval på 3 medlemmer kan avgjera mindre saker. Fylkesleiaren og nestleiaren skal sitja i utvalet. 1 medlem vert vald av og innan styret. Arbeidsutvalet sine vedtak vert lagde fram for styret.
- E) Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er til stades. Dersom det blir likt røystetal gjer leiaren si røyst utslaget.
- F) Styret samlar seg til møte når leiaren bestemmer det eller når minst halvparten av styremedlemmene krev det.
- G) Dersom styret ynskjer det, kan det peike ut og organisere 1 til 5 utval tilsvarande dei 5 faste utvala i Norges Bygdekvinnelag sentralt.
- H) Styret konstituerer seg sjølv og oppnemnar skrivar, kasserar, studieleiar og eventuelle leiarar av dei utvala styret finn det føremålstenleg å ha.
- I) Styret skal:
 - 1. leie arbeidet i fylkeslaget i samsvar med vedtektene til Norges Bygdekvinnelag og vedtak som vert gjorde i samsvar med desse.
 - 2. følgje nøye med i alt som har noko å seia for medlemmene, og ta opp saker som interesserer laget og medlemmene.
 - 3. ha kontakt med lokal- og sentralledet, og følgje opp arbeidsplanar frå Norges Bygdekvinnelag sentralt. Handsame alle saker som kjem frå lokallaga og Norges Bygdekvinnelag sentralt.
 - 4. ha ansvar for medlemsverving.
 - 5. stimulere til aktivt arbeid for organisasjonen.
 - 6. førebu saker som skal leggjast fram for årsmøtet.
 - 7. fastsetje tid og stad for årsmøtet, samt setja opp sakliste.
 - 8. etter gjeldande retningslinjer, samrøystes vedtak i fylkesstyret og førehandsgodkjenning av styret i Norges Bygdekvinnelag, foreslå utnemning av æresmedlemmer i fylkeslaget for årsmøtet i fylkeslaget.
 - 9.
 - a) oppnemne 1 representant til fylkesstyret i bygdeungdomslaget med vararepresentant.
 - b) oppnemne 2 representantar med like mange vararepresentantar til årsmøte i bygdeungdomslaget i fylket.
 - c) oppnemne 1 representant til fylkesstyret i bondelaget med vararepresentant.
 - d) oppnemne 2 representantar med like mange vararepresentantar til årsmøte i bondelaget i fylket.
 - e) oppnemne 2 representantar til fylkesårsmøtet i Bygdefolkets Studieforbund.
 - 10. oppnemne representantar til andre organisasjonar som fylkeslaget er tilslutta.
- J) Fylkeslaget forpliktar seg ved underskrift av leiaren. Styret kan gje fullmakt og løyve til prokura.

- K) Styret og arbeidsutvalet sine drøftingar skal protokollførast. Det same gjeld for eventuelle nemnder og utval som styret har sett ned.
- L) sende sakliste og melding om når og kvar årsmøtet skal heldast til hovudorganisasjonen. Sende årsmelding og utskrift av årsmøtet sin protokoll til hovudorganisasjonen etter årsmøtet.

§ 9 Økonomiske ansvarstilhøve

Fylkeslaget ved styret er ikkje ansvarleg for dei økonomiske og organisasjonsmessige vedtaka og disposisjonane lokallag gjer dersom desse ikkje er lagde fram for og godkjende av fylkesstyret.

§ 10 Medlemspengar

Medlemspengane frå lokallagsmedlemmer og direkte medlemmer i fylkeslaget vert bestemt av fylkeslaget sitt årsmøte og må vera sendt inn til fylkeslaget innan 15. februar. Fylkeslaget betalar medlemspengar for æresmedlemmer som er tildelte sølvmerket.

§ 11 Ekstraordinære medlemspengar

Med 3/4 fleirtal av dei som møter kan årsmøtet vedta at det kan krevjast inn ekstraordinære, friviljuge medlemspengar til fylkeslaget til eit særskilt føremål.

§ 12 Rekneskap

Fylkeslaget skal ha ein eigen spesifisert rekneskap, revidert av årsmøtevalt revisor. Sjå § 7.

§ 13 Meldingar

Lokallaga og faste utval har plikt til å gje dei meldingar og opplysningar styret ber om. Tillitsvalde som representerer fylkeslaget i andre organisasjonar, nemnder, utval og liknande må gje styret i fylkeslaget melding om arbeidet sitt. Dei tillitsvalde kan ikkje gjera fylkesbygdekvinnelaget ansvarleg utan etter særleg fullmakt.

§ 14 Endring av vedtektene

- a) Endringar i Norges Bygdekvinnelag sine vedtekter kan berre gjerast på vanleg årsmøte i Norges Bygdekvinnelag med 2/3 fleirtal. Fylkeslaget skal ha framlegg til endring av vedtekter til uttale 3 månader før årsmøtet.
- b) Endring av normalvedtekter for fylkeslag kan ikkje gjerast utan godkjenning frå Norges Bygdekvinnelag sitt styre. Framlegg om endringar av normalvedtektene må gjerast kjent minst 1 måned før fylkeslaget sitt årsmøte. Endringar krev 2/3 fleirtal.

§ 15 Oppløysing

Vedtak om oppløysing av fylkeslaget må gjerast av to årsmøte etter kvarandre med 3/4 fleirtal blant dei årsmøteutsendingane som er til stades. Totalt må minst 75% av representantane vera til stades.

Det må vera minst 6 månader mellom dei to årsmøta.

Framlegg om oppløysing må vera sendt lokallaga til uttale seinast 3 månader før årsmøtet. Dersom fylkeslaget vert oppløyst, går eventuelle midlar til Norges Bygdekvinnelag.

NORMALVEDTEKTER FOR LOKALLAGA

§ 1 Føremål

Eit lokallag er tilslutta Norges Bygdekvinnelag, og er ei underavdeling av fylkeslaget. Laget skal arbeide i samsvar med vedtektene til Norges Bygdekvinnelag.

Paragraf 1 - 5 i Norges Bygdekvinnelag sine vedtekter gjeld òg for lokallaga.

§ 6 Årsmøtet

- A) Årsmøtet er den høgaste vedtaksføre styresmakta i lokallaget.
- B) Vanleg årsmøte vert halde ein gong årleg innan 1. november.
- C) Styret, ved leiaren, innkallar til årsmøtet.
- D) Det skal haldast omfram årsmøte når minst halvparten av styremedlemmene, 1/4 av medlemmene i laget eller lokallaget sitt fylkeslag krev det.
- E) Årsmøtet skal kunngjerast minst 4 veker på førehand. Innkalling, sakliste, årsmelding og revidert rekneskap skal sendast ut minst 2 veker før årsmøtet. Det kan kallast inn til omfram årsmøte med 2 vekers varsel. Dokumenta skal då sendast ut minst 1 veke før møtet skal haldast.
- F) Styret, lagsmedlemmene, bondelaget og bygdeungdomslaget på staden har alle rett til å leggje fram saker for årsmøtet. Saker som skal handsamast av årsmøtet må vera komne inn til styret 3 veker før det vanlege årsmøte vert sett. Forslag til vedtektsendringar må vere hos styret innan 5 veker før det vanlege årsmøtet vert sett.
- G) Styret har rett til å leggje fram saker for årsmøtet som ikkje er førte opp på saklista. Det kan ikkje fattast vedtak i slike saker utan fullmakt frå årsmøtet. Det kan ikkje leggjast fram saker om vedtektsendringar og oppløysing av lokallaget.
- H) Årsmøtet fastset reglar for korleis valnemnda skal bli vald, og når innstillinga frå nemnda skal liggje føre. Styret kallar inn valnemnda, men valnemnda konstituerer seg sjølv.
- I) Årsmøtet er sett saman av:
 - 1. styremedlemmene.
 - 2. andre medlemmer.
- J) alle medlemmene har rett til å følgje drøftingane på årsmøtet, og har tale- og framleggsrett. Årsmøtet kan vedta at enkelte saker skal handsamast i lukka møte. Årsmøtet bestemmer då korleis meldingane frå møtet skal kunngjerast.
- K) Alle medlemmene har røysterrett. Styret har ikkje røysterrett når det gjeld årsmelding, rekneskap og budsjett. Dersom ikkje anna er bestemt i desse vedtektene, tek årsmøtet avgjerdene sine ved simpelt fleirtal. Når røystetalet er likt, har leiaren dobbeltrøyst. Dobbelttrøyst gjeld ikkje ved val og skriftleg røysting. Dersom røystetalet vert likt, skal det haldast omval. Vert røystetalet likt ved omvalet òg, skal valet avgjerast ved loddtrekking.

§ 7 Årsmøtet sine oppgåver

Årsmøtet skal:

- A) velja 2 som skal underteikne protokollen i lag med leiaren.
- B) handsame styret sitt framlegg til årsmelding.
- C) handsame revidert rekneskap.
- D) handsame styret sitt framlegg til arbeidsplan for laget. Dei prioriterte oppgåvene til Norges Bygdekvinnelag går inn her.
- E) handsame styret sitt framlegg til medlemspengar og budsjett.
- F) handsame årsmelding og rekneskap frå nemnder og eventuelle utval.
- H) velja leiar for 1 år og styremedlemmer for 2 år. Ved val av leiar og styremedlemmer skal det vera bunde omval dersom ingen av kandidatane får meir enn halvparten av røystene. Leiaren skal veljast for 1 år, dei andre styremedlemmene for 2 år slik at skiftevis 2 og 3 er på val kvart år. Kvart år skal det veljast 3 vararepresentantar i nummerert rekkjefølgje. Alle val som er nemnde i dette punktet skal vera skriftlege. Styret konstituerer seg sjølv.
- I) velja representantar til fylkeslaget sitt årsmøte. Leiaren i laget skal vera mellom dei valde. Dessutan skal det veljast ein representant for kvar ... medlem. Dei valde representantane skal vera medlemmer av lokallaget sitt styre. Det skal òg veljast 3 vararepresentantar i nummerert rekkjefølgje. velja ein representant med vararepresentant til valnemnda i fylkeslaget. Vala må vera i samsvar med dei retningslinjene som er vedtekne på årsmøtet i fylkeslaget.
- J) velja valnemnd på ... medlemmer.
- K) velja eventuelle nemnder/utval.
- L) velja 2 revisorar.
- M) Dersom ikkje anna er vedteke, gjeld alle val på årsmøtet frå årsmøtet sluttar.
- N) fastsetje reisegodtgjersle til styremedlemmene etter framlegg frå valnemnda.
- O) handsame saker som vert lagde fram.
- P) føre protokoll.

§ 8 Styret

- A) Laget vert leia av eit styre.
- B) Styret er ansvarleg for verksemda si og forvaltninga av laget sine midlar andsynes årsmøtet.
- C) Styret har 5 til 7 medlemmer valde av årsmøtet, 1 medlem vald av bondelaget, og 1 medlem vald av bygdeungdomslaget.
- D) Mindre saker kan avgjerast av eit arbeidsutval på 3 medlemmer. Leiaren og nestleiaren skal sitja i utvalet. 1 medlem skal veljast av og innan styret. Vedtak fatta av arbeidsutvalet vert lagde fram for styret.
- E) Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er til stades. Ved likt røystetal gjer leiaren si røyst utslaget.
- F) Styret kjem saman når leiaren bestemmer det, eller når minst halvparten av styremedlemmene krev det.
- G) Dersom styret finn det føremålstenleg kan det oppnemne og organisere 1 til 5 utval tilsvarande dei 5 faste utvala i Norges Bygdekvinnelag sentralt.
- H) Styret konstituerer seg sjølv, og vel nestleiar, skrivar, kasserar, studieleiar, og eventuelle leiarar for dei utvala styret finn det føremålstenleg å ha.
- I) Styret skal:

1. leie arbeidet i laget i samsvar med Norges Bygdekvinnelag sine vedtekter og vedtak som vert gjorde i høve til desse.
 2. følgje nøye med i alt som har noko å seia for medlemmene, og ta opp saker som interesserer laget og medlemmene.
 3. ha kontakt med fylkesleddet, og følgje opp arbeidsplanar frå Norges Bygdekvinnelag sentralt. Handsame alle saker som kjem frå medlemmene, fylkeslaget og Norges Bygdekvinnelag sentralt.
 4. stimulere til aktivt arbeid for organisasjonen.
 5. førebu saker som skal leggjast fram for årsmøtet.
 6. fastsetje tid og stad for årsmøtet og setja opp sakliste.
 7. skrive ei fyldig årsmelding og sende ho til fylkeslaget og hovudorganisasjonen innan 1. desember.
 8. syte for at medlemspengane til fylkeslaget og hovudorganisasjonen vert betalt innan 15. februar kvart år.
 9. etter gjeldande retningsliner, samrøystes vedtak i styret og førehandsgodkjenning i fylkesstyret og Norges Bygdekvinnelag sitt styre, utnemne æresmedlemmer av lokallaget og dele ut Norges Bygdekvinnelag sitt diplom.
 10.
 - a. oppnemne representant til bygdeungdomslaget sitt lokalstyre.
 - b. oppnemne representant til bondelaget sitt lokalstyre.
 - c. oppnemne 1 representant til lokalutvalet i Bygdefolkets Studieforbund der det finst.
 11. oppnemne representantar til organisasjonar laget er tilslutta.
- J) Laget forpliktar seg ved underskrift av leiaren. Styret kan gje fullmakt og løyve til prokura.
- K) Styret og arbeidsutvalet sine drøftingar skal protokollførast. Det same gjeld for eventuelle nemnder og utval som er nedsette av styret.
- L) Ha ansvar for medlemsverving. Føre medlemsregister og straks gje melding til Norges Bygdekvinnelag sentralt om tilgang/avgang av medlemmer.
- M) Fylkeslaget skal i god tid få melding om når og kvar årsmøtet skal haldast. Det skal òg få tilsendt sakliste. Årsmelding og utskrift av årsmøteprotokollen skal sendast fylkeslaget og hovudorganisasjonen like etter årsmøtet.

§ 9 Økonomiske ansvarstilhøve

- A) Lokallaget er ikkje organisasjonsmessig eller økonomisk ansvarleg for aktivitetar som medlemmene set i gang dersom ikkje desse på førehand er godkjende av styret.
- B) Norges Bygdekvinnelag er ikkje ansvarleg for dei økonomiske og organisasjonsmessige vedtak og disposisjonar som lokallaget gjer med mindre desse er lagt fram for og godkjende av Norges Bygdekvinnelag sitt styre.

§ 10 Medlemspengar

- a) Lokallaga betaler årleg medlemspengar til Norges Bygdekvinnelag. Medlemspengane frå lokallagsmedlemmene vert bestemt av Norges Bygdekvinnelag sitt årsmøte, og må vera sendt til Norges Bygdekvinnelag innan 15. februar kvart år.
- b) Lokallaga betaler årleg medlemspengar til fylkeslaget. Medlemspengane vert bestemt av fylkeslaget sitt årsmøte, og må vera sendt til fylkeslaget innan 15. februar kvart år.
Frå og med 2005 skal medlemspengane til Norges Bygdekvinnelag og fylkeslaget sendast samla inn til Norges Bygdekvinnelag innan 15. februar kvart år.

- c) Lokallaget sin del av medlemspengane vert fastsett av lokallaget sitt årsmøte. Laget betaler medlemspengar for æresmedlemmene sine.

§ 11 Rekneskap

Laget skal ha ein eigen spesifisert rekneskap. Rekneskapen skal reviderast av dei årsmøtevalde revisorane.

§ 12 Meldingar

Faste nemnder og utval har plikt til å gje dei meldingane og opplysningane som styret ber om. Tillitsvalde som representerer laget i andre organisasjonar, nemnder, utval og liknande må gje styret melding om arbeidet sitt. Slike tillitsvalde kan ikkje gjere laget ansvarleg utan etter særleg fullmakt.

§ 13 Endring av vedtektene

- a) Endring av Norges Bygdekvinne­lag sine vedtekter kan berre gjerast på vanleg årsmøte i Norges Bygdekvinne­lag med 2/3 fleirtal. Lokallaget skal ha endringsframlegga for normalvedtektene i lokallaga til uttale seinast 3 månader før årsmøte i Norges Bygdekvinne­lag vert sett.
- b) Endring av normalvedtekter for lokallag kan ikkje gjerast utan godkjenning av Norges Bygdekvinne­lag sitt styre. Forslag om endringar av normalvedtektene må gjerast kjent minst 1 månad før lokallaget sitt årsmøte. Vedtektsendring krev 2/3 fleirtal.

§ 14 Oppløysing

Vedtak om oppløysing av laget må gjerast av 2 årsmøte etter kvarandre med 3/4 fleirtal av dei medlemmene som er til stades på årsmøtet. Frammøte må vere minst 50% av medlemstalet.

Det må minst vera 6 månader mellom dei to årsmøta.

- A) Dersom laget går inn, skal laget sine midlar stå urørte i 3 år og forvaltast av fylkesstyret. Dersom det i denne perioden vert skipa nytt lag med same føremål i kommunen/bygda, går det førre laget sine midlar vederlagsfritt til det nye laget. Vert det ikkje skipa lag i dette tidsrommet, går midlane til Norges Bygdekvinne­lag der dei setjast av på fond til oppstarting av nye lag.
- B) Dersom laget har eiga studiekasse, går denne til det lokale BSF-utvalet etter 3 år.

§ 15 Samanslåing

Vedtak om samanslåing med anna lag må fattast i årsmøtet med ¾ fleirtal av årsmøtet sine tilstadeverande medlemmer. Frammøte må vere minst 50% av medlemstalet. Vert laget slått saman med anna lag går midla til det nye laget.

3. REGLAR OG INSTRUKS FOR VALNEMNDA I NORGES BYGDEKVINNELAG

I Val av valnemnda

Kvart årsmøte skal ha ei valnemnd på 6 medlemmer.

- A) Norges Bygdekvinnelag sitt årsmøte vel 1 representant med personleg vararepresentant til valnemnda, ein frå kvar av dei 6 valsonene:
- Østfold, Akershus og Hedmark
 - Oppland, Buskerud og Vestfold
 - Telemark, Aust-Agder og Vest-Agder
 - Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane
 - Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag
 - Nordland, Troms og Finnmark
- B) Norges Bygdekvinnelag sitt årsmøte vel 1 leiar med nestleiar blant dei 6 valte medlemmene av valnemnda. Funksjonstid 2 år. Er leiaren er fråverande under møte i valnemnda, vel nemnda ein setjeleiar.

Valet gjeld for 4 år. Fyrste året går 3 representantar ut ved loddtrekking, slik at 3 medlemmer er på val anna kvart år.

II Valnemnda sitt arbeid

Valnemnda skal leggje fram innstilling for årsmøtet til:

- A) leiar i Norges Bygdekvinnelag. Funksjonstid 2 år.
- B) nestleiar i Norges Bygdekvinnelag. Funksjonstid 2 år.
- C) 5 styremedlemmer i Noregs Bygdekvinnelag annankvart år med funksjonstid 2 år.
- D) 3 vararepresentantar til styret i Norges Bygdekvinnelag i nummerert rekkjefølgje. Funksjonstid 2 år.
- E) 5 medlemmer til styret for Bygdekvinnes Hjelpefond. Funksjonstid 2 år. I tillegg 2 vararepresentantar i nummerert rekkjefølgje. Funksjonstid 2 år.
- F) 3 medlemmer til valnemnda frå ulike valsoner. Funksjonstid 4 år. I tillegg skal det innstillast 3 personlege vararepresentantar frå dei same valsonene. Funksjonstid 4 år.
- G) leiar og nestleiar av valnemnda blant dei valte (og foreslåtte) medlemmane. Funksjonstid 2 år.
- H) 1 leiar med vara av årsmøteforhandlingane komande år, som begge skal vere tilstade under heile møtet. Funksjonstid 2 år.
- I) offentleg godkjend revisor og fastsetje økonomisk godtgjersle til vedkomande.
- J) godtgjersle til Norges Bygdekvinnelag sin leiar og andre styremedlemmer, deriblant 1. vararepresentant.
- K) godtgjersle for reise- kost- og opphaldsutgifter, pluss eventuelt andre godtgjersler til styre- og utvalsmedlemmene i Norges Bygdekvinnelag

- L) Godtgjersle for reise- kost- og opphaldsutgifter for årsmøteutsendingane det året.

III Valnemnda sin arbeidsmåte

- A) Leiaren i valnemnda har ansvaret for innkalling til møte i valnemnda.
- B) Norges Bygdekvinnelag sitt sekretariat skal stå til disposisjon for nemnda med skrivararbeid so langt nemnda ynskjer det.
- C)
 1. Valnemnda si innstilling skal liggje føre seinast ved utsending av vanlege saksdokument til årsmøterepresentantane.
 2. Under særskilde tilhøve kan valnemnda fremje innstilling under årsmøtet.
- D) Dei kandidatane valnemnda føreslår skal vera spurt på førehand.
- E) Innan 31. desember i året før årsmøtet skal haldast, må personar som har tillitsverv og som er på val, gje valnemnda skriftleg melding om dei framleis står til disposisjon.
- F) Framlegg om personar til tillitsverv skal sendast gjennom lokal- og fylkeslag, og vere hjå valnemnda seinast 2 månader før årsmøtet.
- G) Valnemnda bør presentere innstilte kandidatar med personalia, adresse, yrke og så vidare.
- H) Ved innstilling på styremedlemmer bør det takast omsyn til distriktsfordelinga.
- I) Gjennomføringa av vala skal leiast av den valde møteleiaren i årsmøtet.
- J) Vala skal gjennomførast ved skriftleg røysting når det gjeld leiar, nestleiar, styremedlemmer og vararepresentantar til styret. Med årsmøtet si godkjenning kan andre val gjennomførast ved andre røystemåtar.

Kravet til godkjent val ved skriftleg røysting er meir enn halvparten av røystene - absolutt fleirtal. Blanke røyster tel. Det må røystast ein gong til dersom ingen av kandidatane får absolutt fleirtal. Dersom ingen av kandidatane får absolutt fleirtal i andre valomgangen heller, vert det bunde omval mellom dei 2 kandidatane som har fått flest røyster. Vert det likt røystetal i den valomgangen skal valet avgjerast ved loddrekking.

- A) Medlemmene i valnemnda skal få tilbod om skolering i valnemndarbeid kvart år.
- B) Valnemnda legg opp ein strategi for korleis ho skal handtere media si interesse for arbeidet og framdrifta i nemnda. Leiaren i valnemnda har ansvaret for direkte kontakt med media.
- C) I dei tilfella der det vert lagt fram ei fleirtals- og mindretalsinnstilling skal dei ulike røystetala gjevast opp.
- D) Valnemnda er vedtaksfør når 4 representantar er til stades.
- E) Alle medlemmer i valnemnda har møte- og talerett i Norges Bygdekvinnelag sitt årsmøte under handsaminga av sakene valnemnda innstiller til.

4. RETNINGSLINER FOR STØTTEMEDLEMSKAP

- A) Sentralledd, fylkeslag og lokallag i Norges Bygdekvinnelag skal aktivt verve støttemedlemmer til organisasjonen.
- B) Fylkes- og lokallag vervar støttemedlemmer innafør sine geografiske område, og etter ei naturleg, avtala ansvarsfordeling.
- C) Aktuelle støttemedlemmer er: Enkeltpersonar, organisasjonar og institusjonar (deriblant kjem verksemder og ulike tiltak).
- D) Støttemedlemmen vert støttemedlem i Norges Bygdekvinnelag.
- E) Medlemspengar for støttemedlemskap:
 - For personar – årleg medlemspengar er 2 gonger sentralleddet sin del av vanleg medlemspengar.
 - For organisasjonar og institusjonar – årlege medlemspengar er 7 gonger sentralleddet sin del av vanlege medlemspengar.
- F) Krav på årlege medlemspengar for støttemedlemskap skal sendast frå Norges Bygdekvinnelag sentralt.
- G) Støttemedlemskap vert registrert på eigne lister i Norges Bygdekvinnelag sentralt, og tel ikkje med i organisasjonen sitt vanlege medlemstal.
- H) Støttemedlemmer vert òg registrerte på det fylkes- og lokallaget som har verva dei, eller som støttemedlemmen høyrer til.
- I) Fylkes- og lokallag som vervar støttemedlemmer får ført attende 50% av støttemedlemspengane.
- J) Det vert brukt ein giroblankett med ein spesiell kvitteringsdel for verving av støttemedlemmer og årleg innbetaling av medlemspengar frå støttemedlemmen.
- K) Organisasjonar, institusjonar og andre støttemedlemmer får ei lita keramikkplatte til å ha på veggen som teikn på medlemsskapet.
- L) Støttemedlemmen sine rettar:
 - medlemsbladet NBK-nytt
 - generell medlemsinformasjon frå Norges Bygdekvinnelag sentralt, og frå det fylkes- og lokallag medlemmen høyrer til
 - tilgang til medlemstilskipingar i regi av Norges Bygdekvinnelag sentralt, og av det fylkes- og lokallaget medlemmen høyrer til
 - møterett i Norges Bygdekvinnelag sitt årsmøte

Sjå elles Vedtekter for Noregs Bygdekvinnelag:

§ 3 D) *Støttemedlemskap*

Personar/institusjonar/organisasjonar som vil stø Norges Bygdekvinnelag sitt arbeid, kan teikne støttemedlemskap. Dei har ikkje røyste- eller representasjonsrett.

§ 6 I) Alle medlemmene og støttemedlemmene av Norges Bygdekvinnelag har rett til å følgje forhandlingane i årsmøtet, men dei har ikkje tale- eller framleggsrett. Årsmøtet kan i særskilde høve gje talerett.

5. RETNINGSLINER FOR TILDELING AV ÆRESMEDLEMSSKAP

A) Norges Bygdekvinnelag sitt æresteikn i gull med diplom

Styret i Norges Bygdekvinnelag deler ut Norges Bygdekvinnelag sitt æresteikn i gull. Vedtak om tildeling må vera samrøystes. Æresteiknet i gull skal gjevast til medlemmer som har gjort seg særleg fortent til det ved framifrå arbeid i organisasjonen, ved tiltak og initiativ som er til særleg gagn for heile organisasjonen, for bygdene eller for bygdekvinne spesielt. Æresteiknet er ei gullnål med årstal og mottakaren sine førebokstavar inngravert. Diplomet som følgjer æresteiknet skal underteiknast av Norges Bygdekvinnelag sin leiar, nestleiar og generalsekretær. Æresteiknet i gull med diplom skal overrekkjast på Norges Bygdekvinnelag sitt årsmøte, jubileum eller ei anna større markering i organisasjonen. Mottakaren vert med dette utnemnd til æresmedlem i Norges Bygdekvinnelag. Æresmedlemmen skal ikkje betala medlemspengar. Norges Bygdekvinnelag betaler medlemspengar for æresmedlemmen til æresmedlemmen sitt fylkeslag og lokallag. Æresteikn og diplom vert kosta av Norges Bygdekvinnelag. Norges Bygdekvinnelag krev ikkje å få att æresteiknet og diplomet når æresmedlemmen døy.

Sjå elles Vedtekter for Norges Bygdekvinnelag:

§ 3 C) *Æresmedlemmer*

Æresmedlemmer av Norges Bygdekvinnelag vert utnemnde av eit samrøystes årsmøte i Norges Bygdekvinnelag.

§ 7 G) . *Årsmøtet sine oppgåver:* Etter gjeldande retningslinjer, samrøystes forslag frå styret i Norges Bygdekvinnelag og samrøystes vedtak i årsmøtet, utnemne æresmedlemmer av Norges Bygdekvinnelag og overrekkje Norges Bygdekvinnelag sitt æresteikn i gull med diplom.

B) Norges Bygdekvinnelag sitt æresteikn i sølv med diplom

Norges Bygdekvinnelag sitt æresteikn i sølv vert tildelt av årsmøtet i fylkeslag i Norges Bygdekvinnelag. Vedtak om tildeling må vere samrøystes, og førehandsgodkjent av styret i Norges Bygdekvinnelag. Æresteiknet i sølv kan gjevast medlemmer som har gjort seg spesielt fortent til dette ved framifrå arbeid i organisasjonen, eller ved tiltak og initiativ som er til særleg gagn for heile organisasjonen, distriktet eller bygdekvinne spesielt. Sak om tildeling av æresteikn må handsamast konfidensielt, og tildeling vert offentleggjort først når æresteiknet skal overrekkjast. Æresteiknet er ei sølvnål med årstal og mottakaren sine initialar inngravert. Diplomet som følgjer æresteiknet skal underteiknast av Norges Bygdekvinnelag sin leiar, fylkesleiar og generalsekretær i Norges Bygdekvinnelag. Æresteiknet i sølv med diplom skal overrekkjast på fylkeslaget sitt årsmøte, jubileum eller ved ei anna større markering i laget. Mottakaren vert med dette utnemnd til æresmedlem i fylkeslaget. Æresmedlemmen er friteken for medlemspengar. Fylkeslaget betaler medlemspengar for æresmedlemmen til Norges Bygdekvinnelag sentralt, og til det lokallaget der æresmedlemmen høyrer til. Æresteikn og diplom vert kosta av fylkeslaget. Norges Bygdekvinnelag/fylkeslaget krev ikkje å få att æresteiknet og diplomet når æresmedlemmen døy.

Sjå elles Normalvedtekter for fylkeslaga:

§ 7 H) Etter gjeldande retningsliner, samrøystes forslag frå styret i lokallaget, førehandsgodkjenning frå styret i fylkeslaget og styret i Norges Bygdekvinnelag, utnemne æresmedlemmer av lokallaget og dele ut Norges Bygdekvinnelag sitt diplom.

C) Norges Bygdekvinnelag sin diplom

Norges Bygdekvinnelag sitt diplom vert tildelt av styret i lokallag av Norges Bygdekvinnelag. Vedtak om tildeling må vera samrøystes, og førehandsgodkjent av både styret i fylkeslaget og styret i Norges Bygdekvinnelag. Norges Bygdekvinnelag sitt diplom kan tildelast medlemmer som har gjort seg særskilt fortent til dette ved framifrå arbeid i organisasjonen, eller ved tiltak og initiativ som er til særleg gagn for lokallaget, bygda eller for bygdekvinne spesielt. Sak om tildeling av Norges Bygdekvinnelag sitt diplom må handsamast i trumål, og tildeling vert offentleggjort først når diplommet skal overrekkjast. Diplommet skal underteiknast av leiaren i Norges Bygdekvinnelag, leiaren i fylkeslaget og leiaren i lokallaget. Norges Bygdekvinnelag sitt diplom skal overrekkjast på lokallaget sitt årsmøte, jubileum, eller ved ei anna større markering i laget. Mottakar vert med dette utnemnd til æresmedlem i lokallaget. Æresmedlemmen er friteken for å betala medlemspengar. Lokallaget betaler medlemspengar for æresmedlemmen til Norges Bygdekvinnelag sentralt og æresmedlemmen sitt fylkeslag. Diplommet vert kosta av lokallaget.

Sjå elles Vedtekter for lokallaga:

§ 8.I.9) etter gjeldande retningsliner, samrøystes vedtak i styret og førehandsgodkjenning fylkesstyret og Norges Bygdekvinnelag sitt styre, utnemne æresmedlemmer av lokallaget og dele ut Norges Bygdekvinnelag sitt diplom

6. VEDTEKTER FOR BYGDEKVINNENES HJELPEFOND

- A) Bygdekvinnes Hjelpfond har som føremål å hjelpe jordbrukarar og/eller medlemmar av Norges Bygdekvinnelag som grunna sjukdom, uhell, ulykke eller personlege kriser har ført til økonomiske og/eller andre vanskar.
- B) Midlane i fondet er stort sett gåver frå lokallaga. Dei skal disponerast av eit eige styre. Det skal til ei kvar tid vera att minst kr 250.000,- i fondet. Kapitalen kan berre disponerast i samråd med styret i Norges Bygdekvinnelag.
- C) Arbeidsutvalet i Norges Bygdekvinnelag er styret i Bygdekvinnes Hjelpfond. Sekretariatet i i Norges Bygdekvinnelag er sekretær for fondet. Styret er vedtaksføre når minst 2 – to – av medlemmane er til stades.
- D) Det skal haldast 2 til 3 styremøte i året, fleire dersom det er mange søkjarar. Søknadene skal sendast til Bygdekvinnes Hjelpfond v/styret på fastlagt skjema og handsamast konfidensielt.

Søknaden om hjelp skal innehalde:

- opplysningar om kva pengane skal brukast til
- opplysningar om søkjaren og økonomi hans eller hennes
- opplysningar om søkjaren sitt jordbruk i dei tilfella det er aktuelt

Styret i hjelpfondet har rett til å innhente opplysningar om saken. Søkjaren må gje namn på personar/referansar, der ein må vere offentleg tilsett, som kan kontaktast når styret i hjelpfondet ynskjer fleire opplysningar. Søknadsskjemaet må vere fullstendig utfylt for at søknaden skal bli handsama.

- E) Hjelpfondet sitt rekneskap skal førast på same stad som Norges Bygdekvinnelag sin rekneskap. Pengane skal betalast ut så snart som råd etter vedtak i fondsstyret. I hastesaker har leiaren i fondet fullmakt til å godkjenne søknadene. Utbetalingar skal tilvisast av den som til ei kvar tid har tilvisningsrett i Norges Bygdekvinnelag sitt sekretariat. Rekneskapen skal reviderast av årsmøtevalt revisor.
- F) Årsmelding med oversikt over både mottekne og utdelte midlar og revidert rekneskap, skal leggjast fram for Norges Bygdekvinnelag sitt årsmøte.
- G) Endringar av desse vedtektene skal berre gjerast på ordinært årsmøte i Norges Bygdekvinnelag med 2/3 fleirtal. Framlegg til endringar av vedtektene skal vera sendt fylkeslaga til uttale 3 månader før årsmøtet tek til.

Vedtektene for Bygdekvinnes Hjelpfond vart sist endra 7. juni 2008